

«Det er ingenting der», seier dei.
 «Du får det aldri til.»
 Men Mara vil prøva seg likevel.
 Vegen er lang og farleg,
 men ho kan følgja spora
 til dei som gjekk før ho.

Djupt under fjellet
 ligg det ein skatt.
 Mange har prøvd å finna han.
 Ingen har greidd det.

Mara finn eit sverd og ei lykt.
 Med dei finn ho vegen
 under fjellet.
 Det er mørkt og kaldt der nede,
 men til slutt finn ho
 hallen til trollmannen.
 Ho festar grepet om sverdet
 og opnar døra ...

ILLUSTRASJON: Johanne Eikå Bergill
 FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

© Nynorsksenteret 2018

Det er mange rom der inne:
 Kjøkken, soverom,
 bibliotek og festsal.
 Men skattkammeret er tomt,
 og alt av gull og rikdom borte.



Skatten

AV ASBJØRN RYDLAND

Då Mara kjem heim igjen,
 ler dei av ho.
 «Det var det vi sa!
 Du fann ingen skatt.»
 «Jau, det gjorde eg», svarer Mara.
 Ho kikkar ned i sekken sin
 og smiler.
 Slike bøker har ingen her sett før.